



Arkeologisk rapport 2022

Områdeplan for gondol på Sulafjellet

Eikrem gbnr. 69, Vågnes gbnr. 94, Molvær gbnr. 109, mfl.,

i Sula kommune

Feltleiar Signe Marie Midtgård



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Forord	7
1. Samandrag.....	8
2. Bakgrunn og formål med undersøkinga	9
3. Området.....	11
4. Kulturhistorisk riss	15
4.1 Automatisk freda kulturminne	16
4.2 Nyare tids kulturminne	18
4.3 Lausfunn.....	22
5. Strategi og metode.....	23
5.1 Visuell overflateregistrering.....	23
5.2 Manuell prøvestikking.....	23
6. Undersøkinga	24
6.1 Synlege strukturar	43
6.2 Prøvestikk.....	64
6.3 Dokumentasjon.....	70
7. Resultat.....	71
7.1 Nyare tids kulturminne	71
7.2 Først registrert som mogleg fangstinnretning, Vardane 1, ID 284331. Avskrive som automatisk freda kulturminne.....	71
7.3 Først registrert som mogleg fangstinnretning, Vardane 2, ID 284337. Avskrive som automatisk freda kulturminne.....	73
7.4 Seter/støl, ID 285422.....	76
7.5 Seter/støl, Randibruna/Loppeheimen, ID 285688.....	77
7.6 Seter/støl, ID 285689.....	80
7.7 Seter/støl, ID 285691.....	81
7.8 Vegfar, ID 285694.....	84
7.9 Vegfar, ID 285697.....	85
7.10 Vegfar, ID 285698.....	85
7.11 Seter/støl, Molværssetra(?), ID 285477	86
7.12 Vassrenne, Devoldrenna, ID 285507	87
8. Konklusjon	92
9. Litteraturliste	96
10. Vedlegg	97

Figurliste

Figur 1: Kronologiske periodar.....	7
Figur 2. Plankartet ved oppstart. Området det gjeld er skravert med brunt	9
Figur 3. Endeleg planområde.....	10
Figur 4. Oversiktsbilete over planområdet og Sula. Dei små, svarte markeringane litt nord for planområdet er ikkje ein del av dette prosjektet.....	11
Figur 5. Flyfoto over størsteparten av planområdet.....	12
Figur 6. Flyfoto av den austlegaste delen av planområdet.....	13
Figur 7. Utskiftingkart over utmarka til gardane Veddegjerde og Molvær m. fl	16
Figur 8. Utskiftingkart over utmarka til Eikrem	16
Figur 9. Kjente automatisk freda kulturminne utafor planområdet i nord.....	17
Figur 10. Kjente automatisk freda kulturminne utafor planområdet i aust.....	18
Figur 11. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar lengst i nord	20

Figur 12. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar ved enden av traséen for turvegen ned frå Rollonhytta.....	20
Figur 13. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar aust i planområdet. OBS: Kartfestinga av dei grå er opp mot 120 m feil.....	21
Figur 14. Kjente kulturminne vest i planområdet.....	21
Figur 15. Bru med Bukkane Bruse, på veg oppover mot hyttebyen.....	24
Figur 16. Myrområdet sørvest for hyttebyen.....	25
Figur 17. Utsikt frå like før oppstiging til Vardane, sett mot nordvest.....	25
Figur 18. Toppen av ryggen på Tverrfjellet, med Vardane rett fram og Rundehornet til venstre. Sett mot aust.....	26
Figur 19. Toppen av Vardane, med ein del truleg moderne strukturar i øvre halvdel av steinura.....	26
Figur 20. Området sør for Vardane, sett mot sør.....	27
Figur 21. Molværsvatnet og området rundt, sett mot vest.....	27
Figur 22. Demninga ved Molværsvatnet, kulturminne-ID 227146-1. Rundehornet i bakgrunnen. Sett mot søraust.....	28
Figur 23. Utsikt frå hyttebyen mot Vardane den 8. oktober. Vonhytta oppe til høgre.....	28
Figur 24. Utsikt mot Gamlestølen nede i dalen i forgrunnen. Traséen for gondolen er lagt over fjellplataet bak den. Sett mot aust.....	29
Figur 25. Traséen for gondolen er lagt gjennom denne dalen, med knekkpunkt omtrent midt i dalen og vidare opp Rundehornet i bakgrunnen. Sett mot sørvest.....	29
Figur 26. Overgangen mellom busetnad og utmark. Traséen for gondolen er lagt over skogen her.....	30
Figur 27. Traséen for gondolen, sett frå myra rett sør for Harhaugen. Rundehornet i midten av biletet. Sett mot sør.....	30
Figur 28. Ein del av skogsområdet ved Harhaugen.....	31
Figur 29. Ein del av området ved turvegen ned til Vassetvatnet.....	31
Figur 30. Rundehornet, sett frå stien frå Vardane. Sett mot nord.....	32
Figur 31. Toppen av Rundehornet, sett mot nord.....	32
Figur 32. Utsikt mot Randibruna. Rollonhytta heilt til høgre i biletet. Sett mot aust.....	33
Figur 33. Ein del av den austlege delen av planområdet. Sett mot sør.....	33
Figur 34. Rollonhytta.....	34
Figur 35. Vonhytta.....	34
Figur 36. Vonhytta, sett frå baksida.....	35
Figur 37. Området ved Grønbakkholia, litt nord for hyttebyen.....	35
Figur 38. Trasé for ny turveg(?) mot Mauseid er planlagd her.....	36
Figur 39. Skinnhammadalen. Gamlestølen skal ligge i dette området.....	36
Figur 40. Den nordlege enden av Skinnhammadalen. Gamlestølen skal ligge i dette området.....	37
Figur 41. Mogleg spor etter torvuttak, 40 m sør for turvegen i Skinnhammadalen.....	37
Figur 42. Området nord for Grønbakkholia. Rundehornet bak til høgre.....	38
Figur 43. Myr og skog i den nordlege delen av planområdet. Sett mot nord, med Langevåg i bakgrunnen.....	38
Figur 44. Ekstremt kraftig regn den 14. oktober førte til høg vassføring. Molværselva ved parkeringsplassen ved starten på Vonløypa.....	39
Figur 45. Ein del av marka i den nordlege delen av planområdet, i bustadområdet. Her er traséen for gondolen planlagd.....	39
Figur 46. Skogkledd og bratt strekning langs Molværselva. Sett mot nord.....	40
Figur 47. Turvegen ved Taustuhytta fekk hard medfart av uvêret 14. oktober.....	40

Figur 48. Vêrforholda i fjellet 15. oktober. Sett mot sør, på veg ned frå Randibruna/Loppeheimen	41
Figur 49. Del av den austlege delen av planområdet, sett mot sør.....	41
Figur 50. Del av den austlege delen av planområdet, sett mot aust	42
Figur 51. Området søraust for Vardane, sett mot sør.	42
Figur 52. Flyfoto som viser strukturane ved toppen av Vardane i 1968.....	44
Figur 53. Flyfoto som viser det same området med strukturane ved toppen av Vardane i 2020.	45
Figur 54. Kart over Devoldrenna.	45
Figur 55. Oversiktskart over tufter og oppbygde stiar i den vestlege delen av planområdet. Den aller austlegaste er den moderne tufta (str. 21).....	46
Figur 56. Oversiktskart over setertufta i den austlege delen av planområdet.	46
Figur 57. Strukturar ved Vardane.....	47
Figur 58. Struktur som blei avskrive som morenemateriale.	47
Figur 59. Str. 1, Saugeila. Kulturminne-ID 285688-1.....	50
Figur 60. Str. 2, kulturminne-ID 285688-2 i forgrunnen, med Saugeila i bakgrunnen.	50
Figur 61. Str. 3, kulturminne-ID 285688-3.	51
Figur 62. Str. 4, kulturminne-ID 285688-4.	51
Figur 63. Str. 5, kulturminne-ID 285688-5.	52
Figur 64. Str. 6, kulturminne-ID 285688-6.	52
Figur 65. Str. 7, kulturminne-ID 285688-7.	53
Figur 66. Str. 8, kulturminne-ID 285689-1.	53
Figur 67. Str. 9, kulturminne-ID 285689-2.	54
Figur 68. Str. 10, kulturminne-ID 285689-3.	54
Figur 69. Str. 11, kulturminne-ID 285689-4.	55
Figur 70. Str. 12, kulturminne-ID 285422.	55
Figur 71. Str. 13, SEFRAK-ID 1531-0005-043. Kulturminne-ID 285691-4.....	56
Figur 72. Str. 14, SEFRAK-ID 1531-0005-044. Kulturminne-ID 285691-3.....	56
Figur 73. Str. 15, SEFRAK-ID 1531-0005-045 (i forgrunnen). Kulturminne-ID 285691-2..	57
Figur 74. Str. 16, SEFRAK-ID 1531-0005-046. Kulturminne-ID 285691-1.....	57
Figur 75. Str. 17, oppbygd sti. Kulturminne-ID 285697.....	58
Figur 76. Str. 18. Oppbygd sti. Kulturminne-ID 285694.....	58
Figur 77. Str. 19, oppbygd sti som fungerer som ei bru. Kulturminne-ID 285698.....	59
Figur 78. Str. 20. Tuft, truleg Molværsetra. Kulturminne-ID 285477.....	59
Figur 79. Str. 21. Moderne struktur med betongmur.	60
Figur 80. Str. 22, del av Devoldrenna. Kulturminne-ID 285507-1.....	60
Figur 81. Str. 23, del av Devoldrenna. Kulturminne-ID 285507-3.....	61
Figur 82. Str. 24, del av Devoldrenna. Kulturminne-ID 285507-2.....	61
Figur 83. Str. 25, del av Devoldrenna. Kulturminne-ID 285507-4.....	62
Figur 84. Str. 26. Nokre av strukturane ved toppen av Vardane. Dei to nedste er frå før 1968, mens dei to øvste er yngre. Kulturminne-ID 284331.....	62
Figur 85. Nærbilete av ein av dei eldre strukturane ved toppen av Vardane. Kulturminne-ID 284331.....	63
Figur 86. Den eine strukturen ca. 200 m sørvest for toppen av Vardane, kulturminne-ID 284337.....	63
Figur 87. Den andre strukturen ca. 200 m sørvest for toppen av Vardane, kulturminne-ID 284337.....	64
Figur 88. Prøvestikk ved krysset Molværabrauta/Remane.....	65
Figur 89. Prøvestikk ved tuftene aust i planområdet. Prøvestikk markerer kor det blei tatt ut kolprøver.	65

Figur 90. Prøvestikk lengst sør i dalen ved Gamlestølen.....	66
Figur 91. Bilete av prøvestikket.....	68
Figur 92. Bilete av prøvestikket.....	69
Figur 93. Bilete av prøvestikket.....	70
Figur 94. Ein av strukturane ved toppen av Vardane.....	72
Figur 95. Ein av dei mindre strukturane ved toppen av Vardane.....	72
Figur 96. Kart som viser lokaliteten i terrenget.....	73
Figur 97. Den største av dei to strukturane.....	74
Figur 98. Den minste av dei to strukturane.....	75
Figur 99. Kart som viser lokaliteten i terrenget.....	75
Figur 100. Bilete av tufta.....	76
Figur 101. Kart over lokaliteten.....	77
Figur 102. Oversiktsbilete over lokaliteten. Fire av tuftene ligg til høgre i biletet, og Saugeila i bakgrunnen. Dei to siste tuftene synest ikkje her. Sett mot vest.....	78
Figur 103. Kart over lokaliteten.....	79
Figur 104. Lokaliteten sett mot nord, med ID 285689-2 i forgrunnen og ID 285689-1 ved personen i bakgrunnen, omtrent midt i biletet.....	80
Figur 105. Kart over lokaliteten.....	81
Figur 106. Tre av tuftene. Den eine sjåast ligg heilt til venstre i biletet, den andre omtrent i midten, og den tredje på denne sida av den store kampesteinen. Den fjerde tufta ligg litt til høgre for biletkanten. Sett mot nord.....	82
Figur 107. Kart over lokaliteten.....	83
Figur 108. ID 285691-1 til høgre og 285691-2 til venstre. Sett mot nordaust. ID 285689 ligg i skråninga på andre sida av myra, omtrent midt i biletet.....	83
Figur 109. Bilete av strukturen.....	84
Figur 110. Bilete av strukturen.....	85
Figur 111. Bilete av strukturen.....	86
Figur 112. Bilete av strukturen.....	87
Figur 113. Del av Devoldrenna. Denne delen er svært overgrodd, men strekk seg heilt til personen i bakgrunnen.....	88
Figur 114. Del av Devoldrenna.....	89
Figur 115. Del av Devoldrenna.....	90
Figur 116. Del av Devoldrenna.....	91
Figur 117. Kart over nye lokalitetar i den sørlege delen av planområdet.....	92
Figur 118. Kart over nye lokalitetar i den vestlege delen av planområdet. Dei fire som er merka med R er nye.....	93
Figur 119. Kart over dei nye lokalitetane aust i planområdet.....	93
Figur 120. Kart ny lokalitet med Devoldrenna.....	94
Figur 121. Kart som viser alle dei nye lokalitetane. I vest er det dei fire merka med R som er nye.....	94

Forord

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. kulturminnelova § 4. Frå tida før skriftlege kjelder er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. kulturminnelova §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. plan- og bygningslova § 11-8.

HOVEDPERIODE	UNDERPERIODAR	14C-ÅR (før notid)	KALENDERÅR
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10020 – 8900 b.p.	9500 – 8000 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8900 – 7690 b.p.	8000 – 6500 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7690 – 5230 b.p.	6500 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5230 – 4700 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4700 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p	2300 – 1800 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1800 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	1840 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 b.p.	570 – 780 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	780 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1: Kronologiske periodar.

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesaker, jf. kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søker anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller söke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke på gnr. 69 Eikrem, gnr. 72 Mauseid, gnr. 73 Mauseidvåg, gnr. 89 Veddegerdet, gnr. 90 Vasset, gnr. 94 Vågnes, gnr. 96 Salen, gnr. 98 Urvika, gnr. 99 Fyllingen, gnr. 101 Jyljebøen, gnr. 102 Kiperberg, gnr. 103 Kiperholm, gnr. 104 Kippervik, gnr. 109 Molvær, gnr. 111 Stadsneset, gnr. 112 Molværsmyr og gnr. 113 Sandvik. Det aller meste av undersøkingsområdet låg i utmark, med den største delen i utmarka til gbnr. 94/441 og 69/165. Heile området ligg i Sula kommune. Undersøkinga blei gjort i samband med oppstart av områdeplan for Sulafjellet. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for bygging av gondolbane frå Devoldfabrikken i Langevåg til Rundehornet på Sulafjellet. Reguleringa i denne delen av planområdet skal vidare avklare løyper for ulike aktivitetar som alpint, langrenn og anleggsvagar.

Feltarbeidet blei utført av Agathe Sofie Smørholm, Gunhild Stavnes Borøchstein og Signe Marie Midtgård i perioden 27.-29. september, 4.-15. oktober, 19.-20. oktober, og 29. oktober-3. november 2021, og rapporten blei ferdigstilt 24. februar 2022. Totalt blei det nytta 76 dagsverk på saken.

Av metodar blei det nytta visuell overflateregistrering og manuell prøvestikking.

Det blei ikkje funne automatisk freda kulturminne. Totalt blei det funne 36 kulturminne frå nyare tid innanfor planområdet, fordelt på 11 lokalitetar:

- Mogleg fangstinnretning, Vardane 1, ID 284331
- Mogleg fangstinnretning, Vardane 2, ID 284337
- Seter/stol, ID 285422
- Seter/stol, Randibruna/Loppeheimen, ID 285688
- Seter/stol, ID 285689
- Seter/stol, ID 285691
- Vegfar, ID 285694
- Vegfar, ID 285697
- Vegfar, ID 285698
- Seter/stol, Molværssetra(?), ID 285477
- Vassrenne, Devoldrenna, ID 285507


Av verdifulle kulturminne frå nyare tid blei det påvist ti setertufta som var registrerte frå før, og seks som ikkje var det. Den store Saugeila på Randibruna er også kjent frå før. Av desse låg alle i den austre delen av planområdet, bortsett frå ei setertuft. Denne siste låg rett nordvest for Molværsvatnet. I nærleiken av Molværsvatnet blei det også påvist tre oppbygde stiar. Dessutan blei Molværsrenna registrert. Den ligg aust for Molværselva, omtrent halvvegs mellom Molværsvatnet og det sørlegaste bustadområdet i Langevåg.

2. Bakgrunn og formål med undersøkinga


Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er oppstart av områdeplan for Sulafjellet. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for bygging av gondolbane frå Devoldfabrikken i Langevåg til Rundehornet på Sulafjellet. Reguleringa i denne delen av planområdet skal vidare avklare løyper for ulike aktivitetar som alpint, langrenn og anleggsvegar.

Ved oppstart var planavgrensinga på 5334 daa. Litt seinare blei området noko utvida, sjå fig. 3.

Planområdet dekker ein stor del av Sulafjellet, frå Devoldfabrikken i nord og ca. 3,5 km sørover, og frå Vonhytta og Vardane i vest til Rollonhytta og nesten til Svanshornet i aust. I tillegg er det to traséar for turvegar i aust, der den eine går frå Harhaugen og ned til Vassetvatnet, og den andre går frå Rollonhytta og ned til Mauseid.



Figur 2. Plankartet ved oppstart. Området det gjeld er skravert med brunt.




Figur 3. Endleg planområde.

Før planarbeidet kunne godkjennast blei det stilt krav om arkeologisk registrering. Bakgrunnen for dette er at området hadde potensial for automatisk freda kulturminne. I høgfjellet var det særleg potensial for funn knytt til seterdrift, fangst og utmarks bruk frå jernalder og mellomalder. I låglandet var det potensial for busettings- og dyrkingsspor frå eldre steinalder-jernalder.

Formålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planarbeidet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova av 9. juni 1978.



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Figur 4. Oversiktsbilete over planområdet og Sula. Dei små, svarte markeringane litt nord for planområdet er ikkje ein del av dette prosjektet.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

3. Området


Planområdet dekker store delar av Sulafjellet, frå Devoldfabrikken i nord og ca. 3,5 km sørover, og frå Vonhytta og Vardane i vest til Rollonhytta og nesten til Svanshornet i aust. Frå Rollonhytta går det dessutan ein trasé for ein turveg ned mot Mauseid, og frå Harhaugen går det ein ned til Vassetvatnet.

Det aller meste av planområdet er fjellområde. Det er lystheier i sør, og myrlendte område i vest og i søraust. I midten av planområdet ligg fjelltoppane Vardane og Rundehornet, og aust for Rundehornet går det ein lågare rygg over mot Svanshornet. Sjølve Svanshornet ligg rett utanfor planområdet i aust.


I vest ligg Molværvatnet nede i ein liten dal. Vest for vatnet ligg det ein markant morenerygg og ein hytteby, og nord for hyttebyen går det nokså bratt nedover med berg og myrdrag om kvarandre. Ved den nordlege foten av Rundehornet ligg det eit stort myrområde, og i den vestlege kanten av det eit parti med nokså tett granskog. Nordover herifrå går det bratte, skogkledde skråningar nedover i vest, mens området i aust er noko slakare og opnare, med meir lyng og nokre myrdrag. Den aller nordlegaste delen av planområdet ligg i Langevåg og omfattar sentrumsområdet ved Devoldfabrikken og det tilgrensande bustadområdet.

Det er mange små bekkar i heile planområdet. Dei skogkledde områda i nord er stort sett blandingsskog, med enkelte stader med tett granskog.

Geologien i området er prega av morenemateriale. I dei høgastliggende fjellområda er det stort sett samanhengande dekke av morenemateriale, stadvis med stor mektigheit, mens lenger nord er det usamanhengande eller tynt dekke av morenemateriale over berggrunnen. I dei sørlege og vestlege delane av planområdet er det stort sett denne undergrunnen som gjeld. I aust, langs turvegen ned frå Rollonhytta, er det humusdekket/tynt torvdekket over berggrunnen. Heilt i nord, i bustadområda og nedover til sentrum av Langevåg, er det stort sett marin strandavsetning, samanhengende dekke.




Figur 5. Flyfoto over størsteparten av planområdet.



Figur 6. Flyfoto av den austlegaste delen av planområdet.

Som følgje av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom heile forhistoria. Då isen byrja å smelte etter sist istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet blei ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinjene difor høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida et program som gjer det mogleg å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvene er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om ein føresett at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinjekurver både nyttast til å vurdere funnpotensial og til å datere eventuelle funn.



Figur 6. Strandlinjekurve for Langevåg, Sula kommune, etter skjema utarbeidd av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).

4. Kulturhistorisk riss

Planområdet er innom 14 forskjellige gardsnummer, sjå kap. 1. Størsteparten av planområdet ligg i utmarka til gardane 69 Eikrem og 94 Vågnes. Mesteparten av den nordlege delen av planområdet har gnr. 109 Molvær. Dei fleste gardane på Sula har hatt dyra sine på beite i Sulafjellet, og i dei lågare delane av fjellområda har det også vore skogplanting. Det ser ut til at dei lågare delane av fjellet har vore utskifta utmark, men at det har vore lite bruk av eigedomsgrenser i høgfjellet. Det finnест utskiftingkart over utmarka i låglandet og dei lågare delane av fjellet, men ikkje over høgfjellet.


Traséen for turvegen frå Mauseidvatnet til Rollonhytta går gjennom utmarka til gardane Mauseid og Mauseidvatnet. Det har ligge fleire setrar langs traséen, men ingen av dei ligg innanfor planområdet.

Garden Eikrem ligg like sør for Mauseidet. Det er berre fjellområde av utmarka til garden som ligg i planområdet. Namnet Eikrem er samansett av trenamnet eik og -heim, eit gammalt, fellesgermansk ord for ein stad der menneske bur (Solberg 2003:145). Garden har hatt beite i fjellet, men ifølgje Ragnar Øvreliid har han ikkje hatt seter eller sommarfjøs. Derimot har utmarka gitt rikeleg ved og torv (Øvreliid 1964:180). Sigmund Molvær meiner derimot at Eikrem hadde seter på Knutshaugen, sør for Storelva, men at ingen lenger veit akkurat kor denne stølen låg (Molvær 1996:95-96). Det ser ikkje ut til at han har ligge innanfor planområdet.


Heimeutmarka for gardane i Veddebygda blei utskifta i 1917, men ikkje fjellområda. Bruka Grønmyr (gbnr. 91/4), Sloghaugen (gbnr. 89/2) og Steinhaugen hadde felles sel på Randibruna, der det også er ei stor, oppmura innhegning til skiljing av sauane når dei skulle hentast heim frå sommarbeite. Den kallast Geila eller Sauegeila. Det var ikkje utslåttar i fjellet (Øvreliid 1964:270-271).

Garden Vågnes er blant dei eldste gardane på Sula og heitte opphavelig Vågar, fleirtal av våg. Her kan ha vore samanhengande busetnad sidan før vikingtida (Øvreliid 1964:319). Når det gjeld Molvær er det noko uklart kva namnet kjem av. Oluf Rygh føreslår at førsteleddet kan kome av det gamle mannsnamnet Moldi, elvenamnstammen Mold-, eller at Moldi her kan ha vore brukt som fjellnamn (Rygh 1908:185). Ragnar Øvreliid meiner derimot at det må vere *mol* f., ein banke av sand eller småstein ved stranda (Øvreliid 1964:393). Garden er kjent i alle fall frå byrjinga av 1500-talet, og har vore ein av storgardane i distriktet.

Molvær hadde seter til rundt 1900, litt nedanfor der hyttebyen ved Molværsvatnet ligg no. Det var også mykje tjørebrenning i bygda, og fram til 1800-åra blei det brent myr-røter for tjørebrenning i Grønbakkholia, som ligg litt nordvest for hyttebyen. Dessutan var det fri utslått i fjellet (Øvreliid 1964:370-71). Det er også mogleg at garden Molvær har hatt seter på Gamlestølen. Namnet Lambertselet, som framleis finnes i hyttebyen, er eit sel som høyrt til bnr. 17 Gamlemyra, eit av bruka under Molvær. På dette selet blei det sidan satt opp ei hytte (Molvær 1996:103-104).



Figur 7. Utskiftingskart over utmarka til gardane Veddegjerde og Molvær m. fl.



Figur 8. Utskiftingskart over utmarka til Eikrem.

4.1 Automatisk freda kulturminne


Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som WMS-tjeneste i ein andre nettportalar (t.d. www.gislink.no).

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor planområdet frå før, men det er kjent nokre like utanfor.


Ca. 380 m aust for der traséen for turvegen ned frå Rollonhytta skal ende, ligg det ei dyrkingsflate med ID 145154.

Ca. 150-300 m vest for den nordlege enden av planområdet, er det ei samling av kulturminne. Her ligg det fem busettings-aktivitetsområde med ID 266121; 265940; 265918; 265938 og 265950.

Omtrent 250 m nord for den nordlegaste enden av planområdet ligg det ein busettings-aktivitetsområde med ID 265952. Her er også gjort to lausfunn med ID 266099 og 266100. 400 m aust for desse ligg det ein steinalderlokalitet med ID 213245.



Figur 9. Kjente automatisk freda kulturminne utafor planområdet i nord.



Figur 10. Kjente automatisk freda kulturminne utafor planområdet i aust.

4.2 Nyare tids kulturminne

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som WMS-teneste, mellom anna på www.gislink.no.


Det er mange SEFRAK-registrerte bygningar i området, spesielt i Langevåg. Det er også nokre litt aust for enden av traséen for turvegen mellom Rollonhytta og Mauseid.

Rollonhytta er også SEFRAK-registrert og har kulturminne-ID 227156-1. Den rekna som eit sjeldan kulturminne, fordi den er eit minne om tidleg friluftsliv i fjellet. Det same gjeld Vonhytta i den vestlege delen av planområdet, med kulturminne-ID 226998-1.


Ved Molværsvatnet ligg det eit demningsanlegg med kulturminne-ID 227146-1, som er eit industriminne knytt til Devoldfabrikken. Om lag 900 m vest for Rollonhytta, ved hovudstien, ligg det ei samling av fire SEFRAK-registrerte setertufter. Det ligg også seks SEFRAK-registrerte setertufter saman med Saugeila på Randibruna, ca. 900 m vest-nordvest for Rollonhytta.

Tabell 1. Oversikt over bygningar innanför planområdet som är registrerade i SEFRAK-registeret och Askeladden.


SEFRAK-ID/kulturminne-ID	Type bygning	Datering
1531-0008-055	Naust båthus sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal
1531-0008-056	Naust båthus sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal
1531-0008-057	Naust båthus sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal
Askeladden 267404	Krigsmennelokalitet Ottar-bunkeren	1940-1945
1531-0008-036	Anna lagerbygning	
1531-0008-037	Anna landbruksbygning	
1531-0008-034	Andre småhus m/3 boliger el. fl.	
1531-0008-039	Samfunnshus grendehus	1800-talet, fjerde kvartal
Askeladden 227123-1	Industrianlegg	
1531-0008-058	Fabrikkbygning	
1531-0008-061	Kontor (kommunehus)	1900-talet, første kvartal
1531-0008-059	Fabrikkbygning (båthus?)	
Askeladden 227028-1	Industrianlegg (Devoldfabrikken)	1800-talet, tredje kvartal
1531-0005-035	Anna idrettsbygning, Rollonhytta	1900-talet, første kvartal
1531-0005-043	Anna landbruksbygning	
1531-0005-044	Anna landbruksbygning	
1531-0005-045	Anna landbruksbygning	
1531-0005-046	Anna landbruksbygning	
1531-0005-036	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
1531-0005-037	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
1531-0005-038	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
1531-0005-039	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
1531-0005-040	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
1531-0005-041	Anna landbruksbygning	1900-talet, første kvartal
Askeladden 226998	Hytte-fritid, Vonhytta	1900-talet, første kvartal



Figur 11. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar lengst i nord.



Figur 12. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar ved enden av traséen for turvegen ned frå Rollonhytta.




SULAFJELLET GONDOL

TEGN FORKLARING
■ Undersøkingsområder



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Figur 13. Kjente SEFRAK-registrerte bygningar aust i planområdet. OBS: Kartfestinga av dei grå er opp mot 120 m feil.



SULAFJELLET GONDOL

TEGN FORKLARING
■ Undersøkingsområder



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Figur 14. Kjente kulturminne vest i planområdet.

4.3 Lausfunn

Ei oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på www.unimus.no/arkeologi. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert.

Ved busettings-aktivitetsområda 150-300 m vest for den nordlege enden av planområdet er det også sju registrerte lausfunn. Dei består av flint og bergkrystall, ei glasperle, ei slipeplate, eit spissa trestykke og ei vestlandsøks. Lausfunna har ID 266088; 266087; 271094; 129359; 266109; 266107 og 267401. Dessutan er her gjort eit tekstilfunn ei ein strandvoll, med ID 266192.

5. Strategi og metode

Strategi og metode blei valt ut frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området.

Det aller meste av planområdet er utmarksområde i fjellet. Heile dette området blei undersøkt ved visuell overflateregistrering. Ved nokre av setertuftene blei det tatt nokre prøvestikk for å sjå etter kol til datering. Det var også ønskeleg å ta nokre prøvestikk på marka ved krysset Molværabrauta/Remane. Dette arbeidet blei påbegynt, men blei avslutta nesten med det same fordi grunneigar motsette seg vidare undersøkingar.

5.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor osv. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstong der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag e.l., avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

5.2 Manuell prøvestikking

Metoden inneber at ein bruker spade og fjernar torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massane blir grave opp mekanisk, bøtte for bøtte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldinga fjernar jord, sand o.l. og gjer det mogleg å påvise steinreiskapar som økser og pilspissar, eller avfall frå tilverking av slike, som t.d. flintavslag. Uttakstaden for kvart bøttelag blir markert i profilen for kvart bøttelag, for eventuelt å kunne relatere funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk blir kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokalitetar.

6. Undersøkinga

Registreringsarbeidet blei utført av Agathe Sofie Smørholm, Gunhild Stavnes Borøchstein og Signe Marie Midtgård i perioden 27.-29. september, 4.-15. oktober, 19.-20. oktober, og 29. oktober til 3. november 2021, og utgjorde totalt 46,5 dagsverk.

Vêret var varierande. Dei første dagane av prosjektet var det strålande vêr, med klår himmel og over 20 grader, men eit par dagar med mykje vind. Etter kvart blei det kjølegare og gråare, og gjennom heile oktober var det mykje regn. Den 8., 14. og 15. oktober var det så därleg vêr at det ikkje var forsvarleg å registrere i høgfjellsområda. Desse dagane blei arbeidet påbegynt, og deretter avslutta på grunn av HMS-omsyn. Dette arbeidet blei tatt igjen på dagar med betre vêr. Mot slutten av prosjektet var det nokre dagar med litt snø, men også ein del pent vêr. Snøen og den lange perioden med regn gjorde det i periodar veldig vått i marka, noko som gjorde det tungt å gå. Totalt sett gjorde dagane med därleg vêr at undersøkinga tok eit par dagar lenger enn ho elles ville gjort.



Figur 15. Bru med Bukkane Bruse, på veg oppover mot hyttebyen.



Figur 16. Myrområdet sørvest for hyttebyen.



Figur 17. Utsikt frå like før oppstiging til Vardane, sett mot nordvest.



Figur 18. Toppen av ryggen på Tverrfjellet, med Vardane rett fram og Rundehornet til venstre. Sett mot aust.



Figur 19. Toppen av Vardane, med ein del truleg moderne strukturar i øvre halvdel av steinura.



Figur 20. Området sør for Vardane, sett mot sør.



Figur 21. Molværsvatnet og området rundt, sett mot vest.



Figur 22. Demninga ved Molværsvatnet, kulturminne-ID 227146-1. Rundehornet i bakgrunnen. Sett mot sør aust.



Figur 23. Utsikt frå hyttebyen mot Vardane den 8. oktober. Vonhytta oppe til høgre.



Figur 24. Utsikt mot Gamlestølen nede i dalen i forgrunnen. Traséen for gondolen er lagt over fjellplatået bak den. Sett mot aust.



Figur 25. Traséen for gondolen er lagt gjennom denne dalen, med knekkpunkt omtrent midt i dalen og vidare opp Rundehornet i bakgrunnen. Sett mot sørvest.



Figur 26. Overgangen mellom busetnad og utmark. Traséen for gondolen er lagt over skogen her.



Figur 27. Traséen for gondolen, sett fra myra rett sør for Harhaugen. Rundehornet i midten av biletet.
Sett mot sør.



Figur 28. Ein del av skogsområdet ved Harhaugen.



Figur 29. Ein del av området ved turvegen ned til Vassetvatnet.



Figur 30. Rundehornet, sett frå stien frå Vardane. Sett mot nord.



Figur 31. Toppen av Rundehornet, sett mot nord.



Figur 32. Utsikt mot Randibruna. Rollonhytta heilt til høgre i biletet. Sett mot aust.



Figur 33. Ein del av den austlege delen av planområdet. Sett mot sør.



Figur 34. Rollonhytta.



Figur 35. Vonhytta.



Figur 36. Vonhytta, sett frå baksida.



Figur 37. Området ved Grønbakkholha, litt nord for hyttebyen.



Figur 38. Trasé for ny turveg(?) mot Mauseid er planlagd her.



Figur 39. Skinnhammardalen. Gamlestolen skal ligge i dette området.



Figur 40. Den nordlege enden av Skinnhammardalen. Gamlestølen skal ligge i dette området.



Figur 41. Mogleg spor etter torvuttak, 40 m sør for turvegen i Skinnhammardalen.



Figur 42. Området nord for Grønbakkholna. Rundehornet bak til høgre.



Figur 43. Myr og skog i den nordlege delen av planområdet. Sett mot nord, med Langevåg i bakgrunnen.



Figur 44. Ekstremt kraftig regn den 14. oktober førte til høg vassføring. Molværselva ved parkeringsplassen ved starten på Vonløypa.



Figur 45. Ein del av marka i den nordlege delen av planområdet, i bustadområdet. Her er traséen for gondolen planlagd.



Figur 46. Skogkledd og bratt strekning langs Molværselva. Sett mot nord.



Figur 47. Turvegen ved Taustuhytta fekk hard medfart av uvêret 14. oktober.



Figur 48. Vêrforholda i fjellet 15. oktober. Sett mot sør, på veg ned frå Randibruna/Loppeheimen.



Figur 49. Del av den austlege delen av planområdet, sett mot sør.



Figur 50. Del av den austlege delen av planområdet, sett mot aust.



Figur 51. Området søraust for Vardane, sett mot sør.

6.1 Synlege strukturar

Det blei ikkje påvist synlege kulturminne som er automatisk freda. Det blei påvist 37 strukturar som er vurdert til å vere frå nyare tid. Desse inkluderer 12 strukturar som først blei tolka som moglege automatisk freda kulturminne, men som til slutt blei avskrive som moderne strukturar. Det er også eit betongfundament etter eit bygg som fantes seinast i 1968. Dessutan er det 10 setertufter og ei geil som var kjent frå før.

Mellan Bukkane Bruse-brua og krysset der turvegen delar seg like sør for Harhaugen blei det påvist restar av Devoldrenna, i fire delar.

Ca. 160 m nord for Molværsvatnet blei det påvist ei setertuft. Omtrent 160 m aust for denne blei det også observert ei moderne tuft med betongmur. Her står det ei bygning på flyfoto frå 1968. Like vest for Molværsvatnet blei det dessutan funne tre oppbygde stiar.

Det blei også påvist fem setertufter som ikkje allereie var registrerte i området ved Randibruna/Loppeheimen. Fire av desse låg i skråninga sør for Loppeheimen, mens den femte låg for seg sjølv rett ved ein tursti, ca. 140 m sørvest for Sauegeila. I dette området blei det dessutan observert 10 setertufter som allereie er registrerte. Seks av desse, samt Sauegeila, ligg på sjølve Loppeheimen. Dei siste fire ligg omtrent 150 m lenger sør, tett ved hovudstien frå Rollonhytta.

Rett ved toppen av fjelltoppen Vardane blei det funne ei samling synlege strukturar. Desse var oppbygde av stein frå Steinura dei ligg i, og det var sterkt knytt til tolkinga av dei. Dei kunne likne på bogestelle, som er oppmuringar av stein der jegerar kunne gøyme seg med pil og bue. Det blei funne ei samling på om lag ti av desse strukturane ved toppen av fjellet, og to til ca. 200 m sørvest for denne samlinga. Strukturane blei målt inn og registrerte i kulturminnedatabasen Askeladden som moglege fangstinnretningar, med ID 284331 (Vardane 1) og ID 284337 (Vardane 2).

Nokre av dei største strukturane på Vardane 1 er synlege på flyfoto frå både 1968 og 2020. Dei store strukturane som ikkje synes på flyfoto frå 1968, må derfor vere yngre enn dette. Av dei mindre strukturane er det nokre som er klart synlege i terrenget og så mosegrodde at dei må vere eldre enn frå 2020, men som likevel ikkje synst på dette flyfotoet. Det er derfor mogleg at nokre av dei mindre strukturane som ikkje synst på flyfoto frå 1968, likevel er eldre enn dette. Dette gjeld både dei to strukturane på Vardane 2, og eit par av dei mindre på Vardane 1.

Av samtalar med lokale turgåarar under registreringa veit vi at ein god del av strukturane på Vardane er blitt bygd som solveggar og leveggar dei seinare tiåra. Ved spørsmål på lokale facebookgrupper er det fleire som seier det same, men ingen som kan hugse fjellet utan desse. Nokre av strukturane er noko utrasa. Dei er likevel såpass store at dei ville vore synlege på flyfotoet frå 1968 om dei var der då. Dei er ikkje synlege der, og må derfor reknast som yngre.

Namn som har med vardar å gjere kan ha samanheng med tidlegare tiders vardebrenning. Det har ikkje lukkast å finne ut om namnet Vardane her er eit eksempel på dette. Viss det er det, finnест det ei moglegheit for at nokre av strukturane kan ha noko med dette å gjere. Som nemnt blei det vurdert om desse strukturane kunne vere bogestelle. Det blei også vurdert om dei kunne vere spor etter anlegg for falkefangst eller andre former for fangstanlegg. Dette

kan ikkje utelukkast, men det finnест heller ikkje noko konkret som peikar i den retning. I form, storleik og oppbygging er strukturane frå før 1968 svært like dei seinare strukturane. Det reknast derfor som sannsynleg at dei også er moderne og har hatt same funksjon. Det må likevel understrekast at det ikkje kan utelukkast at det har vore eldre strukturar her, som har blitt bygd vidare på i moderne tid.


Hans Strøm nemner ingen av strukturane på fjellet etter sitt besøk der i september 1757, der han blant anna var på toppen av Tverrfjellet. Han bruker også berre dette namnet, og ikkje namnet Vardane (1766:96-97). Han ser imidlertid ut til å ha vore mest opptatt av naturforholda.

I løpet av undersøkinga blei det også observert ein struktur som blei avskrive som ei naturdanning. Dette var to lange, parallele rekjer med stein ca. 100 m aust for skaret mellom Vardane og Rundehornet. Det blei vurdert om dette kunne vere restar etter eit ledegjerde for vilt i samband med jakt, men det var ikkje teikn til at steinane var lagt opp med hensikt. Strukturen blei avskrive som morenemateriale.


Elles skal det ha vore tjørebrenning ved Grønbakkholna, litt nord for hyttebyen, fram til på 1800-talet. Her skal det ifølgje Øvrelid vere synlege murar etter tjørebrenninga (Øvrelid 1964:371), men vi var ikkje i stand til å finne dei under undersøkinga.




Figur 52. Flyfoto som viser strukturane ved toppen av Vardane i 1968.




Figur 53. Flyfoto som viser det same området med strukturane ved toppen av Vardane i 2020.




Figur 54. Kart over Devoldrenna.




Figur 55. Oversiktskart over tufter og oppbygde stiar i den vestlege delen av planområdet. Den aller austlegaste er den moderne tufta (str. 21).



Figur 56. Oversiktskart over setertufta i den austlege delen av planområdet.



Figur 57. Strukturar ved Vardane.



Figur 58. Struktur som blei avskrive som morenemateriale.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Tabell 2. Oversikt over synlege strukturar.

Str. Nr.	Type	Skildring	Kommentar
1	Geil	Stor innhegning til innsamling og skiljing av sauar. Kallast Geila eller Sauegeila.	Kulturminne-ID 285688-1
2	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 3 x 4 m, ca. 50-100 cm høg. Sørveggen er ei stor steinblokk. Opning mot nordaust.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-2 SEFRAK-ID 1531-0005-036
3	Tuft	Tuft, tørrmur, noko overgrodd. Ca. 6,3 x 8,3 m. Ca. 70-100 cm høg.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-3 SEFRAK-ID 1531-0005-037
4	Tuft	Låg og veldig overgrodd tuft. Vanskeleg å vere sikker på måla, men ca. 4,6 x 4,6 m. Ca. 20 cm høg.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-4 SEFRAK-ID 1531-0005-038
5	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 4,5 x 5 m, ca. 50-70 cm høg. Opning mot nord.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-5 SEFRAK-ID 1531-0005-039
6	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 3 x 4 m. Ca. 1 m høg. Opning mot nord.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-6 SEFRAK-ID 1531-0005-040
7	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 1,7 x 3,3 m. Ca. 50-70 cm høg. Opning mot nord.	Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285688-7 SEFRAK-ID 1531-0005-041
8	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 4 x 2,5 m, og ca. 40-60 cm høg. Opning mot sørvest. Veldig overgrodd.	Ca. 90 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285689-1
9	Tuft	Tuft, tørrmur. Ca. 2,5 x 2,5 m, ca. 30-60 cm høg. Veldig overgrodd.	Ca. 120 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285689-2
10	Tuft	Tuft, tørrmur. Ca. 3,2 x 2,4 m. Ca. 40-70 cm høg, høgast i nordvestre hjørne. Opning mot sør. Noko overgrodd, men likevel godt synleg.	Ca. 120 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285689-3
11	Tuft	Tuft, tørrmur. Ca. 2,2 x 2,2 m og ca. 20-40 cm høg. Veldig overgrodd og vanskeleg å sjå.	Ca. 120 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285689-4
12	Tuft	Tuft. Tørrmur, ca. 3,5 x 3,5 m, ca. 50-90 cm høg, med tydeleg inngangsparti som vender mot søraust. Rett sør for tufta er det ein lågare mur, ca. 1,5 x 2 m og ca. 20-30 cm høg.	Ca. 190 m sørvest for Randibruna/Loppeheimen. Ligg rett ved ein tursti Kulturminne-ID 285422
13	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 5,2 x 5,4 m. Ca. 60-80 cm høg. Opning mot vest.	Ligg ca. 270 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285691-4 SEFRAK ID: 1531-0005-043
14	Tuft	Tuft, tørrmur, ca. 4,2 x 3,3 m, 60-90 cm høg. Opning mot nord.	Ligg ca. 270 m sør for Randibruna/Loppeheimen

			Kulturminne-ID 285691-3 SEFRAK ID: 1531-0005-044
15	Tuft	Restar etter tuft, tørrmur, ca. 3,2 x 3 m. Ei stor steinblokk utgjer nordveggen. Opning mot vest.	Ligg ca. 270 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285691-2 SEFRAK-ID 1531-0005-045
16	Tuft	Tuft, tørrmur, med to rom. Det største er nokså utrust i nord, men er elles nokså godt bevart og har ca. 120-180 cm høge veggar. Det andre er eit slags inngangsparti og ca. 50 cm høgt. Heile tufta er ca. 4,5 x 5,8 m. Opning mot aust.	Ligg ca. 270 m sør for Randibruna/Loppeheimen Kulturminne-ID 285691-1 SEFRAK-ID 1531-0005-046
17	Oppbygd sti	Tørrmur som bygger opp stien like vest for Molværsvatnet. Retning NA-SV. Ca. 1,2 m høg, veldig overgrodd, lettast å sjå frå sida av stien.	Så overgrodd at det er vanskeleg å avgjere kor lang den er. Minst 1,3 m, kanskje meir enn 2. Kulturminne-ID 285697
18	Oppbygd sti	Steinar som bygger opp stien gjennom eit myrete parti. Ca. 30 cm høg, bortimot 10 m lang.	Kulturminne-ID 285694
19	Oppbygd sti	Store steinar som er lagt oppå kvarandre som ei lita bru gjennom eit myrsøkk midt i stien. Ca. 1,3 m høg, 1,1 m brei og ca. 7 m lang.	Dei nedste delane heilt overgrodde av torv og lyng. Kulturminne-ID 285698
20	Tuft	Tuft, tørrmur. Ca. 7,8 x 4 m, og ca. 60-110 cm høg. Opning mot søraust.	Molværssetra? Kulturminne-ID 285477
21	Moderne tuft	Betonfundament, nokså kvadratisk. Oppmuring av naturleg Stein rundt betongmuren. I S ein liten del som er berre naturstein.	Moderne struktur. Det står en bygning her på flyfoto fra 1968.
22	Del av Devoldrenna	Rotnande trekonstruksjon. Ser ut til å ligge på oppbygd stein, men så overgrodd at det er vanskeleg å vere sikker. Ca. 42 m lang, 50 cm brei og 50 cm høg.	Kulturminne-ID 285507-1
23	Del av Devoldrenna	Tørrmur med enkelte trerestar. Ca. 70 m lang, 90 cm høg og 80 cm brei.	Kulturminne-ID 285507-3
24	Del av Devoldrenna	Sjåast mest som ein veldig rett bekk, enkelte stader med restar av mur og plankar. Ca. 67 m lang.	Kulturminne-ID 285507-2
25	Del av Devoldrenna	Oppbygd mur i bekk, med veldig rette veggar. Ca. 24 m lang.	Kulturminne-ID 285507-4
26	Strukturar ved toppen av Vardane	Ti oppbygde strukturar som for det meste truleg har vore brukt som solveggar eller leveggar.	Vardane 1, kulturminne-ID 284331
27	Strukturar ca. 200 m sørvest for toppen av Vardane	To oppbygde strukturar som for det meste truleg har vore brukt som solveggar eller leveggar.	Vardane 2, kulturminne-ID 284337




Figur 59. Str. 1, Saugeila. Kulturminne-ID 285688-1.



Figur 60. Str. 2, kulturminne-ID 285688-2 i forgrunnen, med Saugeila i bakgrunnen.



Figur 61. Str. 3, kulturminne-ID 285688-3.



Figur 62. Str. 4, kulturminne-ID 285688-4.



Figur 63. Str. 5, kulturminne-ID 285688-5.




Figur 64. Str. 6, kulturminne-ID 285688-6.



Figur 65. Str. 7, kulturminne-ID 285688-7.



Figur 66. Str. 8, kulturminne-ID 285689-1.



Figur 67. Str. 9, kulturminne-ID 285689-2.



Figur 68. Str. 10, kulturminne-ID 285689-3.



Figur 69. Str. 11, kulturminne-ID 285689-4.




Figur 70. Str. 12, kulturminne-ID 285422.



Figur 71. Str. 13, SEFRAK-ID 1531-0005-043. Kulturminne-ID 285691-4.



Figur 72. Str. 14, SEFRAK-ID 1531-0005-044. Kulturminne-ID 285691-3.



Figur 73. Str. 15, SEFRAK-ID 1531-0005-045 (i forgrunnen). Kulturminne-ID 285691-2.



Figur 74. Str. 16, SEFRAK-ID 1531-0005-046. Kulturminne-ID 285691-1.



Figur 75. Str. 17, oppbygd sti. Kulturminne-ID 285697.



Figur 76. Str. 18. Oppbygd sti. Kulturminne-ID 285694.



Figur 77. Str. 19, oppbygd sti som fungerer som ei bru. Kulturminne-ID 285698.



Figur 78. Str. 20. Tuft, truleg Molværssetra. Kulturminne-ID 285477.



Figur 79. Str. 21. Moderne struktur med betongmur.



